

Forskrift om permisjon frå grunnskoleopplæringa i Klepp kommune

Heimel: Forskrift om permisjonsreglement er fastsett av kommunestyret 16.12.2024 med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskoleopplæringa, opplæringslova § 2-2 fjerde ledd.

§ 1. Formål

Barn har rett og plikt til grunnskoleopplæring frå det året dei fyller seks år, til dei har avslutta 10.trinn. Kommunen kan gi ein elev permisjon frå skulen dersom eleven får ei opplæring som samla sett er forsvarleg.

Klepp kommune vil med denne forskrifta sikre rett og likeverdig behandling av søknader om permisjon i grunnskulen.

§ 2. Verkeområde

Forskrifta gjeld grunnskulane i Klepp kommune.

§ 3. Vilkår for permisjon frå grunnskoleopplæringa

Det er eit vilkår for å innvilge permisjon, at opplæringa samla sett må vere forsvarleg. Kva som er forsvarleg, må vurderast individuelt. For å vurdere kva som er forsvarleg, må det leggjast vekt på

- Fråværshistorikken til eleven
- Læringsutbyttet til eleven
- Moglegheita for foreldra til å sørge for at eleven får den opplæringa som må til for å kunne følgje med i undervisninga på skulen etter permisjonen.
- I tillegg må ein vurdere kva som er det beste for eleven, og kva eleven sjølv meiner, jf opplæringslova §§ 10-1 og 10-2

Dersom vilkåret om at opplæringa samla sett er forsvarleg er oppfylt, må ein ta stilling til om søknaden om permisjon skal innvilgast eller ikkje.

Skulen innvilgar ikkje permisjon i periodar der det blir gjennomført statlege kartleggingsprøver, nasjonale prøver, avgjerande vurderingssituasjonar på ungdomsskulen, prøveeksamen og eksamen. Unntak er uventa hendingar i nær familie som dødsfall, gravferd eller alvorleg sjukdom.

§ 4. Omfang av permisjon frå grunnskoleopplæringa

Dersom det er vurdert at det er forsvarleg å gi eleven permisjon frå opplæringa, kan skulen innvilge inntil 10 dagar med permisjon i løpet av eit skuleår.

Ved særskilde tilhøve har rektor høve til å gi permisjon utover 10 dagar, t.d. elevar som presterer i idrett eller kultur på nasjonalt og/eller internasjonalt nivå. Elevar som er innvald i politiske verv/ungdomsråd, får permisjon til nødvendig opplæring og møte. Denne permisjonen vert ikkje rekna som del av dei 10 dagane.

§ 5. Rett til permisjon frå grunnskoleopplæringa

Elevar som er medlemar av andre trussamfunn enn Den norske kyrkja, har rett til permisjon frå skulen dei dagane trussamfunnet har heilagdag, jf opplæringslova §2-2. Retten til permisjon etter denne regelen er absolutt, og det skal ikkje vurderast om det er forsvarleg å gi permisjon. Retten til permisjon føreset at foreldra sørgjer for at eleven får den opplæringa som må til for å følgje med i undervisninga på skulen etter permisjonen. Kva for krav de skal stille til opplæringa i permisjonstida, må vurderast ut frå kva som er nødvendig for den enkelte eleven.

§ 6. Behandling av søknader om permisjon

Søknad om permisjon skal vere skriftleg og skal sendast skulen via søknadsskjema i Visma seinast 3 veker før ønska permisjon av permisjonar av lengde 3-10 dagar, og snarast mogleg for permisjon inntil 2 dagar, med mindre søknaden gjeld uventa hendingar. Søknad om permisjon skal grunngjevast.

Permisjon inntil 2 skuledagar: Skriftleg søknad skal sendast kontaktlærer

Permisjon inntil 10 skuledagar: Skriftleg søknad skal sendast rektor

§ 7. Oppfølging av udokumentert fråvær

Innvilga permisjon er alltid dokumentert fråvær. Ein elev som blir borte frå skulen i lengre tid enn innvilga permisjon, eller etter å ha fått avslag på permisjonssøknad, får dette registrert som udokumentert fråvær.

For ungdomsskuleelevar kan udokumentert fråvær føre til nedsett ordenskarakter.

Elevar som er vekke frå skulen meir enn to veker med udokumentert fråvær kan skrivast ut av skulen. Dersom eleven kjem tilbake etter utskriving, må foreldra ta kontakt med rektor ved skulen for å skrive eleven inn igjen. Er det ikkje plass i eleven sin klasse, vil eleven få tilvist plass i ein annan klasse.

§8. Klage

Svar på søknad om permisjon er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova og kan klagast på. Det inneber blant anna at vedtaket skal innhalda ei grunngjeving og opplysning om klagerett.

Dersom føresette klagar på vedtaket, skal skulen vurdere saka på nytt. Dersom kommunen meiner det ikkje er grunnlag for å gi medhald i klagen, skal saka sendast til Statsforvaltaren i Rogaland.

§9. Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft frå 01.01.2025